



# Leverte unik båt

Det vart ein stor dag då båten «Elax Mist» kunne leverast ferdig-bygd ved Fitjar Mekaniske Verksted onsdag. Med ein unik patentert sorteringsmetode, er båten klar for spanande oppdrag.

**Per Lønning**

Den 22. januar tok reiarlaget Elax AS imot den nybygde slaktebåten «Elax Mist». Arbeidet med å byggja båten er utført ved Fitjar Mekaniske Verksted (FMV).

– Stor merkedag for oss på Fitjar Mekaniske Verksted AS når me formelt kunne overta ELAX MIST i dag. Det har vore ein hektisk innsputts-månad med stor aktivitet og svært god innsats frå mange avdelingar og underleverandørar, skreiv Elax i eit inn-

legg på Facebook.

Reiarlaget skriv vidare at det er svært kjekt med lokale leverandørar med høg kompetanse og god evne til gjennomføring.

– Me takkar for innsatsen så langt og ser fram til spanande dagar om bord!, skriv Elax til slutt i innlegget.

Designen «Elax Mist» er bygd etter, vert kalla HFMV P26-200, som er utvikla i samarbeid mellom Fitjar Mekaniske Verksted og design-

selskapet Heimli. Båten er 26,2 meter lang og 10,2 meter brei.

Fiskebåten er laga slik at den automatisk sorterar ut skadd fisk, som ikkje held den rette kvaliteten som menneskemat. Denne metoden har Elax patentert.

Firmaet har i tillegg fått tildelt midlar til forskning frå Regionale Forskningsfond Vest, og har eit tett samarbeid med forskarar frå Havforskningsinstituttet og Nofi-

ma. Forskarane er ekspertar på elektrisk bedøving, fiskevelferd og kvalitet.

– Me i FMV takkar for oppdraget og ynskjer reiarlag og mannskap hell og lukke!, skriv Kari Nøstbakken, administrativ koordinator ved Fitjar Mekaniske Verksted AS, i ein e-post til Sunnhordland.

Ifølgje iLaks.no held FMV på å byggja eit søsterskip til «Elax Mist».